

SPRÅKLØYPER I DALSBYGDAS BARNEHAGE.

PROSJEKTPLAN.

Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Lesesenteret) og Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning (Skrivesenteret) har utvikla nettstaden sprakloyper.no Nettstaden er ein del av strategien Språkløyper- Nasjonal strategi for språk, lesing og skriving 2015-2019.

Det er ei systematisk satsing, der det både vert satsa på barnehage og alle trinn i grunnskulen og vidaregåande skule i samme strategi.

«Prosjektplan for språkløyper Sunde barnehage»

Bakgrunn for å vere med på satsinga:

Dalsbygda barnehage har sidan april 2017 jobba med utviklingsarbeidet Relasjonskompetanse i barnehagen med hovudfokus på den autoritative vaksenrolla og gode relasjonar. Etter å ha sett at andre barnehagar jobbar med språkløyper og etter at pedagogisk leiar var på oppstartkurs i Trondheim i april 2019 bestemte vi oss for å starte prosjektarbeid med språkløyper frå hausten 2019. Gode relasjonar er avhengig av god kommunikasjon og vi ser at vi kan jobbe parallellt med desse områda. Satsingsområdet for barnehageåret 2019/2020 vert «Språk i relasjonar»

Samstundes ser vi at det er eit aukande tal minoritetsspråklige barn i barnehagen, og ser betydinga av auka kunnskap på dette området.

Kjernekomponenter:

Kompetanseutviklingspakken har 3 kjernekomponenter, fordelt på 10 økter.

Språklæring	Ulike måtar å lese på	Lesing for alle
<ul style="list-style-type: none">Barns språkutviklingSpråk og lesing	<ul style="list-style-type: none">Samtalen som arbeidsformÅ lese fleire gongarÅ lese bilderKonkreter og ordforrådetÅ lese tekstar med gjentakande mønster	<ul style="list-style-type: none">LeselystLesebloggForeldresamarbeid

Målsetting:

Styrke barnehagen sitt daglege arbeid med barn si språklæring gjennom ulike leseaktivitetar.

Delmål:

- Vaksne og barn skal oppleve glede ved å lese bøker*
- Tilsette skal få auka kunnskap om barn si språklæring*
- Tilsette får erfaring med og kunnskap om korleis ulike måtar å lese på kan brukast som eit redskap i arbeidet med barn sitt språk*
- Tilsette skal få tryggleik i pedagogiske val for å lukkast med lesing for alle*
- Tilsette vert bevisste på kor viktig det er med språktrening*

Kva skal vi sjå etter for å sjå om vi når måla våre:

- Personalet brukar dagleg bøker saman med barna*
- Alle i personalet les for- og med barna*
- Barn tar ofte initiativ til å lese og å verta lest for*
- Barn som strevar med språket vert fanga opp på eit tidleg tidspunkt*
- Felles språk, kapasitet større (motivasjon)*
- Den gode samtalen*
- Alle barn vert bada i språk*

- *Tilsette er bevisst bruken av begrep og bruk av rikt språk, uavhengig av barnets kjønn*
- *Det vert lagt til rette for rom og tid til undring og samtale*
- *Barna vert invitert til samtale rundt bøker, bøkene sitt innhald , bilete og tekst.*
- *Tilsette er bevisste ved val av bøker*

Tiltak

- *Lesegrupper*
- *Sparringspartner*
- *Bruk av konkretar-samle dei på ein plass?*
- *TRAS*
- *Nye bøker*
- *Lage plass for lesestunder*
- *Lesekroker på avdeling der bøker er tilgjengelige for barna*
- *Kurs og konferanser*
- *Språk, barnelitteratur og lesing-tema på foreldresamtale/foreldremøte*
- *Lesetid for fagarbeidere og assistenter (faglig påfyll og refleksjon)*

Metode

Språkløyper er nettbasert. Dei 10 kompetanseutviklingspakkane inneheld økter på 45-60 min med fagtekst, film, videoforelesing, refleksjonsspørsmål og oppgåver til mellomarbeid. Vi vil bruke Individuell-, gruppe og plenumsrefleksjon som grunnleggjande arbeidsform (IGP).

Etter kvar økt får dei tilsette i oppdrag å øve på ei praktisk oppgåve knytt til temaet i økta. Vi vil ha stor fokus på trening i praksis.

Roller og ansvar

Vi jobbar ut i frå modellen om «Transformasjonsledelse.»

Prosjektleder:

Ingrid M. Relling, pedagogisk leiar og Lindis Nydal, barne og ungdomsarbeidar.

- Hovudansvar.
- Delegere oppgåver, passe på at økter vert gjennomført.

- Gruppeansvar.

Ingrid Marie Relling

Prosjektleder